

# KIRKEBLAD

FOR

## DAVIK

Nr. 11-12

Utkommer hver  
måned

Oktober 1931

Utgiver og redaktør:  
Sogneprest Slaattelid  
Davik

2. årg.



**Biskop Peter Hognestad.**

Som ein veit er biskop Hognestad avliden. Brått og uventa vart han kalla til kvile etter ein rik arbeidsdag for vår kyrkje og vårt folk. Tvo store tankar bar alt hans verk: Kristendom og norsksdom. Å sameina desse tvo, binda dei saman i levanda, fruktberande einskap, det var det han drøymde um og arbeidde for. Det norske folk eit kristent folk, Norig for Kristus, - det var hans livs mål, som ungdomsprest og ungdomslærer, som prestelærer og biskop. Som biskop i Bjørgvin vann han seg kjærleik og vyrndad. Folkeleg og beint fram var han i all si ferd, byrg av at han var runnen av gamal bonderot. Det var høgtid når han kom på visitas. - Signa vere minnet hans. „Æveleg kvile gjev han, å Herre. Ljos utan ende lyse for han.“

**Bønn.**

*Alle vi skulde med tro i hjertet  
tillitsfulle din miskunn søke,  
komme til dig med vår lengsel, Herre,  
kalle på dig fra sjelens grunne.  
Evig på hjerternes lovsang du troner,  
fra dine hellige skaperhender  
bølger lysets seiersflamme!  
Riker synker, — ditt er det samme!*

*Du som gir all ånd og evne,  
gode Jesus, folkenes frelser!  
lær mig å takke for din nåde,  
legg mig omkvedsord på lepen:  
Bøiene sig i bønn for ditt åsyn,  
strekke henderne etter dig, Herre,  
skulde din skapning, mens seklerne rinder,  
love dig, — lys som i mørket skinner!*

Efter Eysteinn Ásgrímsson.

**Jesu forbønn.**

Jeg ber for dem. Joh. ev. 17, 9.

Her hører vi at Jesus ber for de kristne. Er du en virkelig kristen, så er du en av dem som Jesus ber for.

Her får vi kaste et blikk inn i Jesu hjerte, så vi får se Hans hjertelag for oss. Når vi hører en mor med blødende hjerte tale et avskjedsord til sin kanskje eneste, kjekke gutt, da får vi kaste et blikk inn i en mors hjerte. Men hvad er det så ikke å få se inn i Jesu hjerte!

Det hender somme tider, at nogen sier til mig: »Du må be for mig«. Da blir jeg glad, for da får jeg tro, at det menneske er på veien til Gud. Og jeg undres om ikke flere av dere kjenner forbønnens velsignelse og kan si: »Jeg vet at når jeg blev hjulpet, så var det fordi nogen bad for mig«. Jeg tenker på de unge som har en from, bedende mor. Hvor meget de har å takke Gud for. Slik som hun kan be for barnet sitt, slik kan ingen det på den hele vide jord. Men når mors trofaste hjerte engang holder op å slå og de bedende hender er stivnet i døden, da er det godt å vite, at et stort, varmt,

bedende hjerte blir tilbake: Jesus, vår allmektige frelser, vår forbedende yppersteprest. Han glemmer ingen av dem som Han har kjøpt til Gud med sitt blod.

Hvad er det da Jesus ber om? Helt ut vet ingen det uten Han som ber og Faderen som hører bønnen. Men Jesus sier oss litt om det. Han ber ikke om, at vi skal bli rike eller mektige eller berømte. For Han vet at det er ikke det som kan gjøre oss lykkelige. Heller ikke ber Han om at Gud skal ta oss ut av verden, bort fra dens motgang og fristelser. Ti enhver av oss har en gjerning å gjøre her i verden, og det er Guds vilje at vi skal være tro; her skal vår strid stå, her er vår skole for evigheten. Det som Jesus ber om for sine disipler er: *Bevar dem fra det onde.*

Tenk på en troende mor som følger sin sønn ombord. Han skal reise hjemmefra — til Amerika. Etter et siste: »Gud velsigne dig, gutten min«, blir landgangen tatt vekk, og hun står igjen på land. Skipet glir ut og forsvinner snart for hennes øine. Så går hun hjem, mens hjertet er fylt av denne ene bønn: »Å, Far i himmelen, bevar gutten min, bevar ham fra det onde.« Slik ber Jesus for dem som hører Ham til. Bevar dem fra det onde! Han glemmer ingen i deres vanskeligheter og fristelser.

La oss stille oss ved Jesu side og forene vår svake bønn med Hans sterke og be: »Fader, bevar mig. Gi mig å være tro idag.« Og selv den svakeste og skrøpeligste kan bli bevaret. Hvorledes kan vi det? Jo, derved at vi helliges i sannheten. Den som vil bli bevaret, må la Gud få hellige både hjertet og livet. Lev nær Jesus, nær korset. Kun derved kan en kristen bevares til enden. Derfor ber vi:

*Bli hos mig, kjære Herre Krist,  
blandt verdens tusen farer.  
Jeg får ei ro for Satans list,  
om du mig ei bevarer,  
om du ei med din hyrdestav,  
o gode hyrde, til min grav  
mig verge vil og lede.*

Efter sogneprest Søren Dahl (i N. Mis.tid).

### Um gudstenesta. III.

Ein sers viktig del av våre gudstenester er salmesongen. Vakker og kraftig salmesong er noko av det mest oppbyggjelege og opplyftande som tenkjast kan. Dei gamle kjære salmane våre er fulle av innhald og kristeleg røynsle, ofte uttrykt i fager og gripande form. Ofte kan det vera meir å finna av lærdom og påminning og trøyst i ein salme enn i ei tale. Difor er det alltid um å gjera at vi i kyrkja syng med, og det ikkje berre med munnen, men med hjarta, so vi fylgjer med i innhaldet og tek til oss med ettertanke det som Gud der vil gjeva oss.

Men so er der forutan salmane og noko anna som kyrkjelyden skal syngja. Det er *kyrkjesvara*. Salmesongen her i Davik må ein sikkert seia er bra. Men når det gjeld kyrkjesvara er songen merkeleg nok ikkje so bra. Dei som kan syngja ein salme med kraft og ihug til glede for seg sjølv og andre, kan ofte når dei kjem til eit svar, med ein gong missa mælet. Gjeld det eit »amen« eller eit »Herre, høyr vår bøn«, so er det som dei er rædde for å høyra si eiga røyst og livande rædde for at nokon annan skal høyra henne. So vert kyrkjesvara ofte sunge dårleg og veikt. Grunnen er sjølv sagt ikkje, at desse svara skulde vera vanskelege å læra; dei er jo so lette. Grunnen er berre gamal dårleg vane og mangel på ettertanke. Det er berre tiltaket som skal til for at kyrkjesvara skal verta sungne likso godt som salmane. Sjølv sagt har det og mykje å seia, at klokkarane tek serleg kraftig i nettupp ved svara.

Lat meg få leggja dykk dette på hjarta. Legg vekt på og hugs på å syngja svara likso vel som salmane. Syng med kraft og av hjarta der og. Dermed gjer ein mykje til, at gudstenesta vert som ho skal. Når vi syng eit »amen« eller eit anna svar, er jo det uttrykk for, at vi for vår del sluttar oss til og er med i bøna eller vedkjenninga, liksom gjer den til vår personlege bøn eller vedkjenning.

Ingen ting har sterkare evne til å gjera ei gudsteneste vakker og oppbyggjeleg enn god kyrkjesong. Lat oss tenkja på dette alle som kan syngja og vera med, med munn og hjarta, i salmane og i *alle kyrkjesvara*.

R. S.

### En morgenbønn.

(*Bed bønnen langsam!, med stans efter hver setning og med eftertanke*).

O hellige Guds ånd: Kom inn i mitt hjerte og fyll det. Jeg vil overgi mig helt til dig. Kom og ta mig til din eiendom, fyll mig med lys og sannhet. I mig selv er jeg en unyttig tjener, et tomt kar; fyll mig du så jeg kan leve Åndens liv, i sannhet og godhet, i glede og kjærlighet, i visdom og kraft. Og led mig du idag i alle ting. Led mig til de mennesker som jeg skal møte og hjelpe, til de forhold hvor jeg best kan tjene Gud enten ved gjerning eller ved lidelse. Men frem for alt: La Kristus bo i mitt hjerte så jeg kan gjøre Ham til min konge og ikke tjene mig selv. Bind mig fast til Ham på alle måter, så at Han er i mig og jeg i Ham, idag og alltid.

O Jesus, min Herre og Frelser: Jeg lover og takker dig fordi jeg hører dig til. Jeg vet at mitt liv er innesluttet i ditt liv; jeg er en del av dig, bundet til dig ved Ånden. Jeg lever ikke lenger for mig selv; mitt liv er skjult med dig og i dig. Og derfor: La det være du som taler gjennom mig, arbeider ved mig, lever i mig og dør i mig, opstår i mig og stiger op til Faderen i mig. For du er i mig og jeg i dig. — Jeg minnes alt som du har gjort for mig: Din fødsel, ditt arbejde og strev, din kjærlighet, din hudfletning, ditt kors og din død, din opstandelse, din herlighed, din frelse, din kirke. For alt dette takker jeg i ydmykhet og gir dig min tilbedelse, min kjærlighet, min troskap, min tjeneste. — Men fremfor alt ber jeg dig: Før mig til Faderen, så jeg ved dig som er veien, kan nærme mig til Ham og tilbede Ham i ånd og sannhet.

O evige, gode Fader: I Kristus tilbeder jeg dig sammen med den hele kirke som er Hans legeme. Jeg priser og høilover og tilbeder dig i Ham. Hellig, hellig, hellig er Herren, herskarernes Gud; himmel og jord er full av din herlighets velde. I den tilbedelse og kjærlighet og lydighet som din elskede sønn bar frem for dig og bærer frem for dig i menneskenes sted og på våre vegne, vil også jeg være med, fordi jeg ved Ånden er i Ham. Ved Hans offer på korset ber jeg om tilgivelse for mig og tilgivelse for

verden. Og jeg takker dig for alt du har gjort for din skapning og for alle dine velgjerninger mot mig og alle mennesker. Og jeg ber dig å velsigne oss og bruke oss i din tjeneste fra dag til dag. Se i nåde til mig og din kirke og hele menneskeslekten og til alle som står mig nær. Og for Kristi skyld: tilgi oss alle; tilgi oss vår svakhet og vantro, vår likegyldighet og forsømmelse, våre onde tanker og vårt hårde hjerte, vår mangel på kjærlighet til vår næste. Alt det onde vi minnes, alt som vi ikke kan minnes, tilgi det for Kristi skyld. Amen.

Fra engelsk.

### Å verta beretta.

Les: Joh. evang. 6, 48—56.

Vi hugsar alle forteljinga um manna'en. Israel var på vandring gjenom øydemarka. So hadde dei ikkje meir mat, og det såg ut til at dei skulde gå heilt til grunne. Då var det at Gud gav dei manna frå himmelen, so dei kunde halda fram med ny kraft og nytt mot.

Denne gamle forteljinga er for oss kristne ein liknad, eit bilæte på noko endå større. Kristenlivet er og ei stadig vandring framover og ofte går vegen gjenom øydemarker med vanskar og fårar og strid. Skulde ein klara seg sjølv, vilde ein snart gå til grunne. Men Gud har sendt sitt folk den himmelske manna, brødet frå himmelen. Jesus: Han er livsens brød, som gjev liv og kraft og held den kristne uppe, so han kan nå målet, det ævelege Kana'an. Han gjev seg til oss, styrkjer den veike, gjev krefter til den maktlause, reiser upp den fallne, fyller hjarta med mot og glede midt i øydemarka. Han gjev seg til oss som mat for våre sjæler i bøna, i ordet og i det heilage sakramente. — Vi skal no tenkja serleg på ein ting: at vi som kristne må ta imot Jesus i sakramentet når vi skal døy, verta »beretta«, som vi seier.

På di livsvandring kjem du tilslutt til det siste harde stykket. Du må vandra inn i den myrke dalen der dei svarte dødsskuggar råder. Ikkje noko menneskje kan fylgja eller hjelpa. Du må ut i den myrke dødsens flod med dei iskalde stille bårer. Når tida er koma so nyttar det ikkje um du prøver alle råder. »Her hjelper bønn og motstand ei;

du må nu vandre ad den vei der ingen atter vender.« »Den vise vet sig ingen råd, den sterkeste må falle.« For oss alle kjem den dag eller natt, då vi lyt døy. Og når vi skal døy, kva er det som då er um å gjera? Kva er då det viktigaste av alt? Kva skulde vi då ynskja framum alle ting? Det er at Jesus må vera med oss. Ikkje sant? At Jesus må vera med oss, den gode og milde og trufaste, frelsaren som elsker oss og gav seg sjølv i døden for våre arme sjæler og har liv og sæle å gjeva til dei som av hjarta trur på Han. Kva hjelp er der i alt anna når vi skal inn i døden? Det er det største og beste, det einaste som trengst: å ha Jesus hjå seg i levande tru. Soleis må alle tenkja, um det finst spor av kristendom i dei. Lukkeleg er den som kan få døy med Jesus hjå seg.

Men nettupp difor er det, at den kristne må ta imot den heilage nattverden, når han ligg og ventar på døden. Soleis har det alltid vore i den kristne kyrkja. Vi høyrer um martyrane i dei romerske fengsel, at dei tok med seg det innvigde sakrament for å kunna ta imot det fyrr dei skulde lida. Det er jo og so naturlegt, so sjølv sagt, dette. For kva er det vi får i altarens sakramente? Det er Herrens lekam og blod; det er Jesus sjølv som kjem til sine vener, mystisk og underfull, men verkeleg og i sanning. Han gjev seg til den truande sjæl for å vera hjå den, med den, i den. Han dreg oss inn i samfundet med seg og held oss fast i det. Han er i oss og vi er i Han, som greina er eitt med vintreet og lemene er eitt med lekamen. Dette er det som vi trur um nattverden. Men då er det jo klårt, at når vi skal døy og ynskjer og bed, at Jesus må vera med oss, i vår siste strid, so må vi ta imot Han ogso på denne måten um det er råd. Det må vera ein sjølvsgd ting for alle som meinat det ålvorlegt med sin kristendom, at dei fyrr dei skal døy tek imot Hans lekam som vart gjeven for vår sjæl og Hans blod som vart utrennt til forlating for våre synder. Soleis å ta imot Jesus sjølv med eit truande og audmjukt hjarta, det er den beste fyrebuing til døden.

Det kan vera tilfelle då det er uråd å få sakramentet. Døden kan koma brått og uventa so det vert ikkje tid. Eller ånds-

evnene kan hjå sume gamle vera so svekte, at det ikkje kan fylgja med. Då ser Gud på viljen og ynsket. Som ein av kyrkje-fedrane seier: Det er ikkje det at ein ikkje får sakramentet som fordømer, men det at ein *vanvyrder* sakramentet.

Og so er der ein ting som er so vakker. Det er når alle dei andre i heimen går til altars ilag med den som skal døy. Det hender sume tider. Dei som høyrde saman skal skiljast, mann ifrå kone, foreldre frå born, sysken frå sysken. Ein av dei skal fara burt, inn i det usynlege. So går dei siste gongen ilag til Herrens bord her på jorda, samlar seg alle um Jesus og tek imot Han. Det er ei glad vedkjenning midt i sorga, at dei som høyrer Jesus til kan ikkje skiljast i grunnen; dei er eitt i Han, er samanbundne i Han. Døden kan ikkje riva dei frå kvarandre; antan vi lever eller vi døyr so høyrer vi Herren til. Og då skal vi atter få sitja side um side ved det store høgtidsbordet i himmelen.

Det er jo slik, at alt det gode som Gud har gjeve oss kan misbrukast. Soleis og nattverden. Ein kan bruka den uverdige, med eit ubotferdige hjarta, berre fordi det er skikk og sedvane eller fordi ein innbillar seg, at det kan frelsa eit menneskje som ikkje verkeleg bryr seg um Jesus. Det kan sjølv sagt ogso vera tilfellet med ein som vert »beretta«. Um det som bur i hjarta kan berre Gud døma. Mange fleire enn vi kan henda trur går med den løynde lengting og søkjing etter den levande frelsar. Um trua er nokso veik og skrøpeleg, er der eit ærlegt hjarta, so vender ikkje Jesus seg burt. »Den som kjem til meg vil eg so visst ikkje støyta burt.« Han viste ikkje ifrå seg den mannen som sa: »Eg trur Herre, hjelp mi vantru«, men gjorde vel imot han. Kjem vi med bøygde og audmjuke hjarta til Jesus, so kjem Han til oss med sin nåde og si hjelp.

Men tungt er det å tenkja på dei som ikkje eingong når dei ligg på sitt siste bryr seg um eller har bruk for Jesus. Han har kalla på dei, arbeidt på deira sjæler, kan henda gjennom eit langt liv. Men når mennesket seier nei, so er alt fåfengt. Han gjorde sitt, men dei vilde ikkje.

Lat oss so tenkja over dette som her er sagt. Det er altfor få som vert »beretta« her i våre bygder og tek imot Jesus i sakramentet fyrr dei døyr. For største delen kjem det sjølv sagt av likesæle for Gud og for sjæla. Men for ein del er visseleg grunnen ogso den, at dei verkelege kristne ikkje har tenkt nok over dette. Vi har jo i det heile i vår tid for lite sans for det som Gud gjev oss i dåpen og nattverden. Difor er det, at ogso ærlege kristne går for lite til altars, til skade og hindring for sitt kristenliv. Difor er det og, at mange forsømer å verta »beretta«. Måtte Gud hjelpa oss til å bruka Hans gåver med takk og lydnad. Og når vår time kjem, måtte vi då vera slike som har Jesus hjå oss i bøn og tru og Guds ord og nattverd. Då kan vi leggja oss trygge til kvile, og Jesus vil føra oss gjennom den myrke skuggedalen til den ljose heimen i Guds Paradis.

*Gud late oss alle møtes glad  
og ingen av våre savne.*

*Det unne oss Gud for Kristi blod  
vi måtte i himlen havne. Amen.*

R. S.

### Adelsmerket.

Den gutten eller den jenten har folkeskikk, sier folk på landet, når de riktig vil gi de unge en god attest. »Folkeskikk« er et godt uttrykk, kort og rammende, langt bedre enn det langtekkelige »velopdragenhet« som det vel regnes ensbetydende med. En ungdom med folkeskikk viser den overalt fordi det er hans eller hennes vesen å optre slik.

En dag på trikken forleden stod vi sammen med en fremmed arbeidskledd ung gutt. Så kom der tre unge piker anstigende. De var pene, velkledd og sikkert høist »dannede«, når de bare vilde. Men deres samtale nedover byen bestod i en sammenhengende fjollet latter, som måtte virke pinlig på alle omkring. Da de var gått av, sa den arbeidskledd: »De damene hadde ingen folkeskikk«. Og han hadde sikkert sørgelig rett.

Det er den knappeste og beste attest man kan gi en landsens ungdom, at han har folkeskikk. Det ene ord rummer så meget. Det forteller en hel del om den det anven-

des på. Og det er ikke så lite av et adelsmerke. Derfor har det også ned gjennom tidene vært lagt stor vekt på dette å skape en ungdom med folkeskikk. Det var og er foreldrenes håp og trøst, at deres barn opptrer med folkeskikk hjemme og ute. Da er de godt rustet til livet. Og foreldrene trenger ikke å være urolige så snart de unge er ute av syne. De har en god garanti i orden.

Efter »Nationen«.



### Våre døde.

5. januar: Rasmine Larsdtr. Solibakke, kona til Knut Solibakke, f. 1868 i Vanylven, lungebrand.
9. mars: Johan Svensson, Bryggja, gift blekk-smed, f. 1851 i Sverige, alderdom.
10. mars: Eli Knutsdtr. Bortne, kårenkje, f. 1843 i Gjesdal, alderdom.
14. mars: Bárni Samsonsdtr. Haukedal, ug. tenar, f. 1852, nyresjukdom.
14. mars: Marie Samsonsdtr. Husevåg, kårenkje, f. 1862, hjarteslag.
20. mars: Samson Olsson Lofnes, g. kårman, f. 1840 i Vik, alderdom.
16. april: Pernille Jørgensdtr. Gillesdal, kårenkje, f. 1849 på Erviksæter, alderdom.
30. april: Jakob Jakobsson Tytingvåg, g. kårman, f. 1850, slag.
2. mai: Peder Monsson Gilleshammer, e. kårman, f. 1850, alderdom.
5. mai: Berge Andreasson Hamnen, g. gbr., f. 1884, kreft.
16. mai: Olga Pedersdtr. Nygård, ug. heimeve-  
rande, f. 1908, kjertelsjukdom.
23. juni: Valdina Haugland, kona til kjøpman  
Karl Haugland, f. 1893, barsefeber.
24. juni: Ole Andersson Vik, g. gbr., f. 1871,  
kreft.
27. juni: Alida Reielsdtr. Henøen, Nore, ug. strik-  
kerske, f. 1888, tæring.
2. juli: Aletta Olsdtr. Ramsevik, kona til Gre-  
gorius Ramsevik, f. 1865 i Selje, magesjukdom.
16. juli: Hans Monsson Isane, e. kårman, f. 1840,  
alderdom.
18. juli: Borgny Ivarsdtr. Haugen, Dombestein, f.  
1920, krampe.
31. juli: Steffen Reielsson Fagerlid, e. kårman,  
f. 1846, alderdom.

O la mig se ditt kors i dødens gys,  
driv mørket bort og vær mig livets lys.

### På kyrkjegarden.

Gud signe kyrkjegarden vår,  
der bygdefolket kviler.  
For ank og ve og verk og sår  
dei no i himlen smiler.  
Der under kyrkjemold  
skal smuldrast hud og hold,  
som kveitekorn i jord.  
Det er vår herres ord,  
dei uppatt står til ære.

Den dørke tårefulle natt  
då burt dei frå oss døydde,  
var all vår glede kvorven radt  
og livet låg so øyde.  
På deira gravferdsdag,  
då me i grannelag  
dei førde hit med song  
og tunge klokkeklang  
og mold på kista dunde.

Då vart det trongt um hjarterot,  
det vart oss tungt å ande.  
Me visste ingi råd og bot  
i denne svære vande.  
Men Gud oss i vår barn  
gav von so ljøs og varm.  
Den bygde oss ei bru  
høgt yver daudens gru  
til sæle himmellandet.

I anden ser me dei å gå  
i ljøse palmelundar.  
Når tunge dagar kjem oss på  
mot freden der me stundar.  
Der ingen saknad er  
for dei er Herren nær.  
Der ingen misljød let  
og ingen, ingen græt,  
dei heve sæla funne.

Men verna vil me denne stad  
der våre kjære blundar.  
På torva vakse blom og blad  
der dei søv trygt innunder.  
Gud signe deira ferd!  
Gud signe deira gjerd  
og kvart eit hugsamt ord  
dei sa til oss på jord.  
Gud signe deira minne!

A. M.

### Notisar.

Eystein Ásgrímsson, som skreiv diktet på 2dre  
sida i dette nummer, var ein islandsk munk som  
levde i det 14. hundradåret. Diktet er teke ifrå  
»Lilja«, det fagraste religiøse kvad i den gamal-  
norske bokheimen. Det er umsett av professor  
Påsche.

Ofringar i påska til sanitetsforeininga: Davik  
kr. 76.73; Aalfot 28.80; Rugsund 74.46; Totland  
37.43.

**Vespergudstenestene** i Totland og Rugsund palmesundag og skirtorsdag ved kyrkjesonar Hausles songkor og i Davik langfredag ved Alf Rosenlunds songkor hadde samla mykje folk. Det syner, at ein forstår å verdsetja desse vakre og høgtidssame songgudstenester.

**Basarar og festar:** På Bryggja 11. januar til redningssaka kr. 130.00. I Aalfot 25. mars til indremisjonen kr. 115.00. — I Hamnen 2. april til heidningmisjonen 151.56. — I Rimstad krins 1. mai til indremisjonen 96.16. — I Davik 7. april til sjømannsmisjonen 168.25. — I Rugsund 7. juni til redningssaka 91.20. — I Hamnen 21. juni ved barneforeninga »Sjøfuglen« til sjømannsmisjonen 87.35. — I Aalfot 1. mai til sjømannsmisjonen 148.61. — I Rimstad skulehus 7. april ved Maurstad og Rimstad kvinneforening for sjømannsmisjonen: ved basaren 200.00; bøssepengar 121.70. I Davik 26. mai til heidningmisjonen

**Sjukekorg for Rugsund krins.** Etter upptak frå syster Gunda fekk fru Smelvær og fru Menzier i stand ei innsamling for å få ei sjukekorg for krinsen. Det kom inn kr. 80.90. Til korga gjekk 61.60. Resten 19.30 vart sendt sanitetsforeninga. Ein vil hermed takka hjarteleg alle gjevarane. Spesifisera liste over dei har stude i Fjordenes Tidende.

**Davik sanitetsforening.** Årsrekneskap 1930. Eige 1. jan.: I banken 4570.49; i kassa 147.87; utestående krav 372. **Innkome:** Medlemspengar 433.00; dagpengar for sjukerøkt 787.50; basarar 747.64; offer i kyrkjene 160.20; kommunet. skot 200.00; maiblomar 122.50; jolelodd og jolemerke 111.69; sjukemateriell 61.26; renter 170.43; andre innkomer 62.50. Tilsaman 7947.08. — **Utlegg:** Løn til systrene + krinssjukekassepremie 2488.60; pensjonsinnskot 200.40; husleiga for syster Gunda 75.00; årspengar til Nasjonalforeningen og N. K. S. 50.00; sjukemateriell 97.42; gåve til utlodning 9.25; porto, telefon m. v. 49.20; jolemerke, lodd og maiblomar 61.45; andre utloger 58.10. — **Eige 31. desember:** I banken 4263.80; i kassa 115.86; utestående krav 478.00. — Rekneskapet er revidera av lærar R. Førde. Der er 433 lagslemer i foreininga.

**Til sanitetsforeninga** er sidan siste melding kome inn: Ved basar i Levdal 53.25. Medlemspengar: Levdal 11 kr., Hennøy 13, Rimstad 23, Davik 60, Maurstad 49, Torheim 13, Husevåg 8, Rugsund 6, Leirgul 19, Hunskår 12, Haus 28, Kjølssdal 43, Bortne 10, Isane 15, Dombestein 14; offer i alle kyrkjene 217.42; basar Reksnes 127.49; basar Hennøy 55.85; fest i Endal 63.20; medlemspengar Kjølssdal 8, Haus 3, Leirgul 2, Davik 10, Nordstrand 3; basar Davik 130.58; gåve frå fru Eide, Florø 15; maiblomar i Aalfot 17, i Dombestein 4, i Endal 5.

**Orgelsaka i Davik.** Sidan sist er vidare innbetalt: Jonas Askeland 15 kr. (tidlegare 35), Matias Bruvoll 20, A. H. Endal 40, Peder R. Bøen 10 (tilsaman 100), Lars M. Endal 20, Andreas A.

Indredavik 10, Elias Haugen 15, Hans R. Hamre 20 (tilsaman 100), Noe Dommestén 5 (tilsaman 50), J. Sunde 10 (tilsaman 50), Elisabet Øvreland 6, Simon J. Indredavik 25 (tilsaman 50), Joachim Aase 10 (tilsaman 30). — På bankboka er no kr. 6867.11. Er her ikkje fleire som vil minnst sine lovnader?

Sidan 1925 er innbetalt i **Indre Davik:** H. Indredavik 30, O. Davik 50, R. Heggen 5, Elias Haugen 25, Elisabet Øvreland 14, L. Rosenlund 100, soknepresten 500, Andreas K. Indredavik 10, Marie Sigdestad 40, Andreas A. Indredavik 30, Knut P. Indredavik 10, Bernt Indredavik 15, Martinus Høiland 20, Simon J. Indredavik 50, P. Drageset 100, B. Rosenlund 10.

**Talet på skilsmålar** aukar fort her i landet. I 1930 vart 839 ekteskap oppløyste; det var 48 fleire enn i 1929. 1264 born fekk på denne måten heimane sine øydelagde.

**Ektevigde:** 28. april i Bergen Olav Henriksson Ekreinsæter, Vanylven og Petra Johansdtr. Førde, Aalfot. — 30. mai i Aalfot Martinus Olsson Myklebust og Johanne Kristiansdtr. Slagstad, Gløppen. 6. juni i Davik Karl Didriksson Isene og Ragna Hansen, Lyngen. — 17. juni i Aalfot Hans Olsson Myklebust og Olufine Olsdtr. Heggehund, Innvik. 22. juni i Davik Martinus Hansson Lefdal og Else Hill, Levdal. — 29. august i Måløy Kristian Rasmussen Midtvik (Krabbestig) og Gudrun Gregoriusdtr. Ramsevik. — 29. august i Måløy Peder Berntsson Furenes og Josefine Rasmusdtr. Midtvik. 12. september i Øre Martin Olsson Kjølssdal og Kristine Larsdtr. Silset, Øre.

**Talet på konfirmantar** i år er i Davik 16, i Rugsund 18, i Totland 7 og i Aalfot 5. Konfirmantane i Kjølssdal vert i år konfirmara i Davik; hjelpepresten har lese med dei i gravkapellet i Kjølssdal.

**Ved stemne i Kjølssdal** 28. juni kom inn til kyrkje i Kjølssdal 350 kr. Der var gudsteneste ved soknepresten og foredrag av Kristen Sunde.

**Dei skriftlege avgangsprøvene** i skulane i år hadde dette utfallet: **Aalfot:** 4 born; rekning 2; 1; 2; 2; stil 2,5; 1,5; 2; 2,5. — **Isane og Dombestein:** 3 born; rekning 1; 1,5; 1,5; stil 1; 1,5; 1,5. **Davik:** 9 born; rekning 4; 4; 2; 4; 1; 5; 2; 1; 2,5; stil 3; 2,5; 2; 2,5; 1,5; 4,5; 1,5; 2,5; 1,5. **Kjølssdal:** 3 born; rekning 1,5; 1; 1; stil 1,5; 3; 2. **Haus:** 1 barn, 1 og 2. **Rugsund:** 6 born; rekning 3; 4,5; 1,5; 3,5; 3,5; 4,5; stil 3; 4,5; 1,5; 3; 2; 2,5. **Leirgulen:** 3 born; rekning 2,5; 1,5; 2,5; stil 4; 2,5. 3. **Hennøy:** 1 barn, 4 og 3. **Berle:** 2 born; rekning 1,5; 1,5; stil 1,5; 1,5. **Hamnen:** 3 born; rekning 1,5; 1; 1,5; stil 3; 2; 2,5. **Gangsøy og Oldeide:** 4 born; rekning 1; 1,5; 4; 3,5; stil 3,5; 3; 2,5; 2,5. **Tytingvåg og Husevåg:** 8 born; rekning 3,5; 2,5; 3; 2,5; 2,5; 2; 1,5; 3; stil 3; 4; 3,5; 2,5; 3; 1,5; 1,5; 3. **Nordstrand:** 5 born; rekning 1; 1,5; 3; 1,5; 2; stil 1,5; 2,5; 2,5; 3; 2. **Rimstad:** 4 born; rekning 3; 6; 1; 1,5; stil 2; 6; 1; 1,5. **Maurstad:** 3 born; rek-

ning 3; 1; 1; stil 3,5; 1,5; 1,5. — Med i eksamensnemnda var soknepresten, lærarane R. Førde og Midthjell og Kristen Leite.

**Kirkebladet** kjem no endeleg ut att etter den lange kvila. Det var arbeidsstansen som gjorde at bladet ikkje kom ut. Det kjem no med eit par dubbelnummer som vederlag.

**Kontingent** er betalt av: **Aalfot:** R. O. Myklebust, P. M. Sigdestad, Hans Sigdestad, Karl Sigdestad, kyrkjesongar Bruland 3 kr.; H. M. Vik 5; Peder J. Myklebust 2. — **Torheim:** Ivar Torheim, Ole T. Torheim, Lars Torheim 3. — **Isane:** Lærar Førde 3; Alfred S. Isene 1. — **Davik:** Peder R. Bøen 3; Hans H. Hamre, Alfred Lund, Martinus Høiland, Kristianne Blomvoll 2; Matias Bruvoll, Marta Liland 2.50. — **Endal:** Anders H. Endal 3. — **Rugsund:** Anders Benæs 5, Martinus Kolset 3, Ole Hessevåg, Anne Kolset 2; Einar Elde, Jakob Bakke 4; Martinus Elde 1.50. — **Leirgulen:** Martinus Mjånes 3, Jørgen Bortneskår, Anders Bortneskår 2; Anton J. Leirgulen 1.50. — **Bortne:** Jon Muri 6, Jonas Lofnes, A. Egge 3. — **Berle:** Kristen Ytrehaug 3, Jens Øvrebø 2. — **Hamnen:** Samson Skorpen 2; Østen Nygård 3. — **Gangsøy:** Isak Gangsøy 3; Olai Risøen, Lars Risøen 2. — **Oldeide:** Marta A. Svoren 1.50; Johan J. Oldeide 2.50; Ole P. Oldeide 2; Peder Bjørnø 5; Jakob G. Oldeide 3. — **Tytingvåg:** Peder Grindøy, Kristian Laksenes 2; Edv. Tytingvåg, Elling Grindø, Rasmus K. Tytingvåg 2.50; lærar Eikås 3. — **Husevåg:** Andreas Husevåg, Ane Husevåg, Johan K. Husevåg 2; Isak Isaksen Husevåg 3. — **Nordstrand:** Tea Almanning, Jørgen Eldevik 3; Daniel Vemmelsvik, Henrik Almanning, Jakob Holevik, Hans Brunsvik 2. — **Rimstad:** O. M. Totland 5; Isak Runshaug, Iver Kassen 2; Kristian Rimstad 2.50; Jonas Rimstad, Ole Venø 3; Kari Fagerlid 1. — **Maurstad:** Fru Anna Lem, Peder K. Maurstad 3; Brynjel Maurstad, Lars Maurstad, Didrik Lågeide 2; Anders H. Berge, Janike Aaland 4. — **Haus:** Andreas Haus, Lars Etterdal 2; lærar Midthjell 3; Jørgen Erviksæter 5. — **Kjølsdal:** Ole A. Leite 2. — **Utanbygds:** Fru Amalie Eide, søster Gjertrud Rosenlund, fru Helene Skarstein 3; Mrs. Edward Swanson 4; Dorte Rødhjelle 2. — **Anonyme:** 10 og 6 kr.

Hjarteleg takk til alle.

### Gud er nær.

Hvor er vel Gud å finne?  
Han allevegne er!  
I hjerte, sjel og sinde,  
der treder Han dig nær.  
Han følger dine veie,  
når blot du derom ber,  
og våker ved ditt leie,  
når natt og mørke er.

J. B.

### Til de unge.

Jeg føler en usigelig trang til å sende ungdommen en liten hilsen, og serlig dem som står på terskelen til ungdomstiden. Der er i den tid så mange lyse drømme, og livet synes en lek. Man tenker så ofte: Jeg er ung, jeg vil leve livet, jeg vil more mig og ha det fornøielig.

Jeg tenkte selv slik engang. Nu er jeg kommet ut over ungdomstiden. Og jeg kan med glede se tilbake på nogen år i samfund med min Herre og Frelser, og denne tid har vært den lykkeligste i mitt liv. Da Satan holdt mig bunden i sine snarer var det ingen gledens tid, men en tid full av uro og smertelige tanker. Tanken på livet etter døden steg så ofte frem for mig og jeg følte mig så ulykkelig. Det var ingen fred å finne. Men hvor godt er det å vite, at der er en som kan løse alle bånd og sette de plagede i frihet. Jesus sier: »Fred efterlater jeg eder; min fred giver jeg eder; ikke som verden giver jeg eder. Eders hjerte forferdes ikke og reddes ikke.« Joh. 14.27.

Gud være takk at jeg fikk erfare den fred i mitt hjerte; siden har også gleden vært fullkommen, og jeg kan si med sangeren:

*Alt som gleder mig er Jesus.  
Underfulle frelsesverk,  
som opreise kan den svake,  
gjør den kraftesløse sterk,  
som kan skjenke trøst og glede  
der hvor sorgen før var stor,  
glede dem som ofte grede  
på den syndefulle jord.*

Unge, og gamle med! Ta imot den glede og fred som aldri skal tas fra eder. Verdens gleder er bare tomhet. Livet med Gud er rikt på velsignelse for tid og evighet, alt ved Guds uforskyldte nåde.

S.

### Gudstenester og sundagspreiker:

- |                                 |                               |
|---------------------------------|-------------------------------|
| 18. s. etter triening, 4. okt.: | Aalfot og Kjølsdal.           |
| 19. —>—                         | 11. okt.: Totland og Rugsund. |
| 20. —>—                         | 18. okt.: Davik og Isane.     |
| 21. —>—                         | 25. okt.: Rugsund og Levdal.  |
| Bededag,                        | 30. okt.: Aalfot og Kjølsdal. |
| Helgammessesundag,              | 1. nov.: Totland og Berle.    |
| 23. s. etter triening, 8. nov.: | Davik og Rugsund.             |